




DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjekontor



Kulturdepartementet

v/ Samfunns- og
frivillighetsavdelingen

Dato:
14. jun. 2013

Høyringsuttale for NOU 2013:1 Det livssynssåpne samfunn:

Ål kyrkjeloge fellesråd har hatt saka om Livsynssåpent samfunn til drøfting to gonger og gjev med dette fyglgjande uttale etter vedtak i møte den 10. juni sak 14/13:

Generelle merknader:

Jfr. ny grunnlov § 2 skal staten byggjast på den kristne og humaistiske arv, og det må få konsekvensar for korleis eit livssynsopent samfunn skal navigere. Med eit blikk i spegelen kan ein betre justere kurser framover.

Dei åtte prinsipp som ligg til grunn for utredningen er isolert sett gode, men tek lite omsyn til kontekstuell forståing av religionens plass i samfunnet. Om lag 80% av folket i Norge tilhører Den norske kyrkja som har røter langt attende i tid. Kyrkja her sett eit preg på samfunnet som me har med oss både no og framover. Det kristne preget av materiell og immateriell art er ein viktig del av norsk kultur og samfunn, og denne nerva må ikkje kappast av sjølv om ein må ta omsyn til alle trus- og livssynssamfunn.

Den norske kyrkja har vist seg å vera flink til å ta omsyn til andre trusretningar, og som majoritetskyrkje kan me i mange høve framleis representere alle.

Også i Ål hadde me markering i samband med 22. juli-tragedien i 2011. Det vart arrangert fakkeltog etter initiativ frå gode muslimar. Endestasjonen måtte bli kyrkja med minnestund og lystenning, noko som var naturleg for alle.

Av konkrete punkt i høyringa vil Ål kyrkjeloge fellesråd nemne:

A) Gjennomføring av kyrkjeloge val:

Kyrkjeloge val kan leggjast til offentlege val under føresetnad av at andre trus- og livssynssamfunn må få høve til å gjere det same.

B) Vigselsrett:

Fellesrådet er delt i spørsmålet om fortsatt vigselsrett.
Av moment som rådet trekte fram kan nemnast:

- Tradisjonar knytta kyrkje og folk tett saman, og vigselsritualet i kyrkja er ein viktig del av dette.
- Der ikkje naudsynt at trus- og livssynssamfunn får vidareført vigselsretten slik det er i dag. Vigselen kan utførast av eit offentleg organ, og brudeparet kan seinare få velsigning hjå det trussamfunnet dei hører til.

C) Graverdsforvaltning:

Dersom ein tenkjer dødsfall og gravferd som det siste ledet i eit helsearbeid, er det heilt naturleg at kommunen får ansvaret for gravferdsforvaltninga. Dette vil også vera det mest korrekte reint prinsipielt.

Det er ofte knytt religiøse riter til dødsfall og gravferd, og det trussamfunnet der avdøde var medlem må kunne ha ei sentral rolle i sjølve gravferda.

Dei fleste stadene er det kyrkjeleg fellesråd som har all kompetanse på gravferd. Kommunen må kunne gjere seg nytte av den kyrkjelege gravferdskompetansen ved at ein kan snu Gravferdslova § 23 så kommunen kan gjere avtale om delegering av gravferdsansvaret til kyrkjeleg fellesråd

D) Finansiering:

Me støttar tanken om at trus- og livssynssamfunna får tildeling som uttrykt i grunnlova § 16.
«.....understøttes paa lige Linje»

Det er likevel viktig å peike på utfordringane med kyrkjebygg som er reist i ei økonomisk oppgangstid, og difor er svært store i høve til dagens folketal. Somme kyrkjer har særleg interesse for diskrikt og land av grunnar som -alder, -kulturhistorisk verdi og likande. Kyrkjebygget er ikke berre «religiøse hus», men bygg det blir knytt identitet til. Det er signalbygg og samlingspunkt, og ofte det eldste bygget i kommunen.

Staten må finne ein ordning der desse bygga blir tilgodesett med midlar til vedlikehald slik at dei ikkje berre blir overlatt til ein skrøpeleg kommuneøkonomi.

E) Skulegudstenester:

Ingan er tent med debattane som stadig verserar om skulegudstenester. Ein kan enkelt kome til rette med det ved at foreldra tek stilling til kyrkjeleg deltaking eller ikkje i samband med innskriving i skule og barnehage. Det vil vera greit å halde seg til både for heim og for skule / barnehage.

